



Me forventar av deg som elev ved skulen	Me forventar av deg som foreldre/føresette	Elev/foreldre/føresette kan forventa av personalet på Horpestad skule og barnehage
<p>1) at du følgjer skulen sin god framferd plakat.</p> <p>2) at du tek hensyn til andre og ikkje utset nokon for noko vondt.</p> <p>3) at du viser respekt for vaksne og andre born.</p> <p>4) at du lyttar til andre, og ventar på tur.</p> <p>5) at du brukar gode ord og er høfleg når du snakkar med andre.</p> <p>6) at du passar tida og er på rett stad til rett tid.</p> <p>7) at du hjelper til med å halda skulen rein og fin og seier frå om noko går sundt.</p> <p>8) at du tek vare på tinga dine, held orden og gjer oppgåvene dine.</p> <p>9) at du leverer all skriftleg informasjon du får av dei vaksne til dei heime.</p> <p>10) at du følger opp vekemåla så godt du kan.</p>	<p>1) at du held kontakt med kontaktlæraren til barnet. Følgjer opp vekeplanar, deltek på foreldresamtalar og foreldremøtar.</p> <p>2) at ditt barn kler seg fornuftig, og er godt førebudd for skuledagen, undervisning og fritid.</p> <p>3) at barnet ditt gjer lekser, er utkvilt og har ete frukost.</p> <p>4) at du gir barnet ditt tru på seg sjølv.</p> <p>5) at barnet ditt får vera heime ved sjukdom.</p> <p>6) at du er merksam på tendensar til mobbing. Mobbing er vanskeleg å oppdaga. Difor er det som barnet fortel heime, verdifullt for skulen å få vita om. Oppfører barnet ditt seg annleis enn vanleg, ta kontakt med skulen/bhg.</p> <p>7) at du tek kontakt med oss dersom du lurar på noko eller vil gje konstruktiv tilbakemelding.</p> <p>8) at du roser, oppmuntrar og lyttar til barnet ditt.</p> <p>9) at du interesserer deg for barnet sine heimaoppgåver, og hjelper barnet til å ta ansvar for at arbeidet vert gjort.</p> <p>10) at du hjelper barnet ditt til å leva opp til skulen/bhg. sine forventningar.</p> <p>11) at du les informasjon frå skulen/bhg, svarar og sender tilbake svarlapp i rett tid.</p>	<p>1) at dei gjer det klart kva forventningar vi har, og kva som er viktig i skule/barnehage/SFO.</p> <p>2) at dei arbeider for at borna skal oppleve tryggleik, trivsel, tillit og meistring. Personalet arbeider for at det er ein positiv atmosfære på skulen.</p> <p>3) at dei tek raskt kontakt med foreldre/føresette dersom noko spesielt hender med dykkar barn.</p> <p>4) at dei er vennlege og imøtekomande.</p> <p>5) at alle elevar har rett til å verta høyrde.</p> <p>6) at dei innkaller til elev og foreldresamtalar.</p> <p>7) at dei ilag med rektor/styrar evaluerer kontinuerlig skulen/bhg. og barna sitt arbeid.</p> <p>8) at dei jobber med tilpasse opplæring. D.v.s. at uansett faglig og sosial bakgrunn skal det vera like høve for alle barna til å utvikla seg optimalt gjennom arbeidet med faga.</p> <p>9) at dei jobbe med dei faglege måla i kunnskapsløftet/rammeplanen utfrå elevane sine behov og nivå.</p>
<p>Eg har lese dette i lag med ein vaksen heime og er kjent med innhaldet.</p>	<p>Eg har lese dette og er kjent med innhaldet.</p> <p>_____ Dato: _____</p> <p>underskrift foreldre/føresette</p>	<p>Eg har lese dette og er kjent med innhaldet.</p> <p>_____ Dato: _____</p> <p>underskrift kontaktlærar</p>
<p>_____ Dato: _____</p> <p>underskrift elev</p> <p></p>	<p> <b>Horpestad skule og bhg</b>  <b>Orrevegen 304</b>  <b>4352 KLEPPE</b></p>	

